

Månad: september 2021

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 489	1 479	10	1 499	-10	13 248	13 526	-278	12 395	853
Tal utskrivne pasientar	71	87	-16	80	-9	686	769	-83	783	-97
Polikliniske kons. m/refusjon	1 908	2 247	-339	2 036	-128	16 472	19 599	-3 127	17 667	-1 195
Rus										
Tal heildøgnsopphald	518	609	-91	482	36	4 606	5 326	-720	4 176	430
Tal utskrivne pasientar	18	19	-1	10	8	133	183	-50	140	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	160	246	-86	252	-92	1 846	2 209	-363	1 991	-145
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	101	96	5	138	-37	874	876	-2	1 006	-132
Tal utskrivne pasientar UPH	5	6	-1	6	-1	59	60	-1	62	-3
Polikliniske kons. m/refusjon	1 803	1 566	237	1 671	132	13 430	12 915	515	12 320	1 110

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/TSB)

Aktiviteten innan PHV for vaksne har vore svakare enn plan i perioden for poliklinikk, medan døgnpastane har hatt god aktivitet. Vi har utfordringar med vakante stillingar, og arbeider aktivt med rekruttering.

Innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) har aktiviteten vore lågare enn plan i perioden. Akkumulert er aktiviteten noko høgare enn førre året.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore god innan poliklinikk og vi ligg akkumulert føre plan og fjoråret. Tilstrøyming av nye tilvisingar til psykisk helsevern for born og unge har normalisert seg i september, men det er framleis krevjande å følgje auka pasienttilstrøyming med tilgjengelege ressursar. Ved ungdomsposten for psykisk helsevern (UPH) har aktiviteten vore om lag som plan.

Beleggsprosent døgnsesjonar
Reell beleggsprosent, september 2021, klokka 7

Institusjon	Klinikk	Post	Siste 12 mnd	I vald periode	Avvik frå gj.snitt siste 12 mnd	Pasient på korridor
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Akutt Døgn, Psyk.Førde	77 %	80 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS Allmenn Førde	73 %	76 %	3 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	DPS psykose Førde	64 %	84 %	19 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	ISP Døgn	59 %	46 %	-14 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Lokal tryggleikspost Førde	90 %	96 %	6 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Døgn	68 %	52 %	-16 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	NPS Rus	49 %	57 %	8 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ruspost Tronvik	69 %	80 %	11 %	0
HELSE FØRDE HF	PSYKISK HELSEVERN	Ungdomspost for psyk.helsevern	45 %	56 %	10 %	0
Totalt			66 %	68 %	2 %	0

ØKONOMI

Artskonto	Regnskap	Budsjett	Avvik	Regnskap Hittil	Budsjett Hittil	Avvik Hittil
☒ Pasientrelatert inntekt	4 389	4 249	140	34 741	35 980	-1 239
☒ Basistilskudd	36 312	35 182	1 130	282 296	278 945	3 351
☒ Andre inntekter	549	422	127	2 890	4 340	-1 450
☒ Sum Driftsinntekter	41 250	39 853	1 397	319 927	319 265	662
☒ Varekostnader og Helsetjenester	-3 058	-1 155	-1 902	-12 626	-10 115	-2 510
☒ Lønn- og personalkostnader	-37 348	-37 880	532	-298 474	-301 805	3 331
☒ Øvrige kostnader	-2 263	-2 383	120	-20 763	-21 434	671
☒ Sum Driftskostnad	-42 669	-41 419	-1 250	-331 863	-333 354	1 491
☒ Driftsresultat	-1 418	-1 566	147	-11 936	-14 089	2 153
☒ Totalresultat	-1 418	-1 566	147	-11 936	-14 089	2 153

Denne perioden:

Totale inntekter i perioden er 1,4 mill. høgare enn budsjett. Årsaka er etterbetaling av tilskot frå Helse Vest.

Personalkostnadene er 0,4 mill. lågare enn budsjett i perioden, medan reisekostnader er 0,15 mill. lågare enn budsjett. I september er bruken av overtid redusert i høve tidlegare periodar, men vi har framleis utfordring med høgt forbruk av overtid og ekstrahjelp ved nokre av døgnseksjonane våre. Dette vert det arbeidd med for å minimere.

Sum driftskostnader i perioden er 1,2 mill. høgare enn budsjett. Bokført resultat i perioden er 0,15 mill. betre enn budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 0,7 mill. høgare enn budsjett.

Totale driftskostnader er 1,5 mill. lågare enn budsjett til no i år. Kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak har samla sett vore 0,5 mill. over budsjett så langt i år. Personalkostnadene til no i år er 1,3 mill. lågare enn budsjettet, og reisekostnader er 2,0 mill. lågare enn budsjett.

Resultatet hittil i år er 2,2 mill. betre enn budsjett.


MEDARBEIDARAR

Månadsverk:



Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste tolv månader er 463. For eitt år sidan var dette talet 433. Auken skuldast etablering av tryggingpost i Førde.


Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 7,0 prosent i august mot 7,9 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste tolv månader var 7,6 prosent. For eit år sidan var dette talet 7,7 prosent.

KVALITET Epikrise



I september var 92 prosent av epikrisene innan PHV sende innan sju dagar, og 51 prosent var sende innan ein dag.




I september var 88 prosent av epikrisene innan TSB sende innan sju dagar, og 35 prosent var send innan ein dag.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpatientar i september 2021.

Ventetid for ventande ved slutten av perioden



Det er 221 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 21 dagar.

I same periode i 2020 var det 171 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 17 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 146 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 41 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2020 var det 150 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 29 dagar før dei fekk starta si behandling.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt
	Pasientar
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0
Indre Sogn Psykiatrisenter	1
Nordfjord Psykiatrisenter	0
Psykiatrisk klinikk	0

Vi har eitt fristbrot ved Indre Sogn psykiatrisenter grunna kapasitetsutfordringar.